



ÅLESUND KOMMUNE
Postboks 1521
6025 ÅLESUND

Saksbehandlar, innvalstelefon
Thomas Aurdal, 71 25 84 67

Vedtak og løyve - tiltak i sjø - Sula og Ålesund - Kongshaugstranda renseanlegg

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev Ålesund kommune løyve etter forureiningslova til tiltak i sjø ved sju lokalitetar i tilknytning til Kongshaugstranda reinseanlegg. Løyve med vilkår fylgjer vedlagt.

Vi vedtek eit gebyr på kr 47 300 for sakshandsaminga.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal syner til søknad innsend 20.01.2026 av Multiconsult Norge AS på vegner av Ålesund kommune.

Vedtak

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev med dette Ålesund kommune løyve til mudring i sjø ved lokalitetane Breivika (gnr. 50 bnr. 998), Borgundfjordvegen (gnr. 51 bnr. 17), Tørlevågen (gnr. 54 bnr. 1) og Stafsetneset (gnr. 15 bnr. 1) i Ålesund kommune og Geilneset/Molvær (gnr. 109 bnr. 380), Orkevika/Vågnes (gnr. 94 bnr. 314) og Åregjerdevågen i Sula kommune. Løyvet er gitt med heimel i *Lov av 13.03.1981 om vern mot forurensning og om avfall* (forureiningslova) § 11, jf. § 16, og i medhald av *Forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta) § 22-6. Det er sett vilkår for løyvet. Statsforvaltaren har ved avgjerda og ved fastsetting av vilkår lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaka samanheld med dei fordelar og ulemper tiltaket elles vil medføre. Løyve med vilkår fylgjer lagt ved dette brevet.

Det kan gjerast endringar i løyvet i medhald av forureiningslova § 18. Endringane skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og forsvarleg utgreiing av saka. Ei eventuell søknad om endring må difor føreliggje i god tid før endringa ynskjast gjennomført.

At det er gjeve løyve fritenk ikkje frå erstatningsansvar for skade og ulempe eller tap forårsaka av forureining, jf. forureiningslova § 56. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.



Bakgrunn

Multiconsult Norge AS søkte 20. januar 2026 på vegner av Ålesund kommune om løyve etter forureiningslova/-forskrifta til tiltak i sjø ved syv forskjellige lokalitetar i Ålesund og Sula kommunar der det skal etablerast landfall knytt til det nye reinseanlegget ved Kongshaugstranda. Det vart søkt om tiltak i sjø som fylgjar:

- Mudring av om lag 94 m³ ved lokalitet Breivika
- Mudring av om lag 45 m³ ved lokalitet Borgundfjordvegen
- Mudring av om lag 70 m³ ved lokalitet Tørlevågen
- Mudring av om lag 135 m³ ved lokalitet Stafsetneset
- Mudring av om lag 188 m³ ved lokalitet Geilneset/Molvær
- Mudring av om lag 86 m³ ved lokalitet Orkevika/Vågneset
- Spyling/graving frå land for plassering av leidning ved lokalitet Åregjerdevågen.

Massane som mudrast vart oppgitt å skulle leggjast tilbake i grøft etter at røyra er senka ned. Det er oppgitt at noko sprenging kan verte naudsynt og at noko gjenfylling med massar er naudsynt for sikring/plastring av nye røyr.

Planlagd oppstart vart oppgitt å vere 01.08.2026 for lokalitetane Orkevika/Vågneset, Geilneset/Molvær, Stafsetneset, Borgundfjordvegen og Åregjerdevågen og 01.08.2027 for lokalitetane Tørlevågen og Breivika.

Høyring og innspel

Søknaden var på høyring til 28. februar 2026. Her fylgjer ei oppsummering av uttalene som vart send inn.

Fiskeridirektoratet (19.02.2026)

Fiskeridirektoratets samfunnsoppdrag er å framme verdiskapande næringsaktivitet gjennom berekraftig forvaltning av marine ressursar og marint miljø. Dei uttaler seg til søknaden for å opplyse saka med informasjon om fiskeri- og akvakulturinteresser i området, inkludert marint miljø og biologisk mangfald som er viktig for næringane.

Fiskeriinteresser er registrert i Fiskeridirektoratets kartverktøy Yggdrasil.

Det er ingen fiskeriinteresser eller akvakulturlokalitetar registrert i umiddelbar nærleik til lokalitetane Breivika, Borgundfjordvegen, Tørlevågen, Stafsetneset, Geilneset/Molvær, Orkevika/Vågneset eller Åregjerdevågen. På bakgrunn av dette og at tiltaka som skal gjerast er små vurderer Fiskeridirektoratet at mudring og nedspyling av røyr ikkje vil kome i konflikt med kartlagte fiskeriinteresser når det gjeld arealbruk.

Fiskeridirektoratet opplyser at Havforskningsinstituttet (HI) har registrert eit regionalt viktig gytefelt for torsk i Ellingsøyfjorden og eit nasjonalt viktig gytefelt for torsk i Borgundfjorden. Lokaliteten Breivika ligg i det fyrste feltet, mens dei resterande lokalitetane ligg i det andre.

Ved lokaliteten Geilneset/Molvær er det om lag 50 meter frå land registrert ei lokalt viktig ålegraseng i Naturbasen. Det er òg registrert ei lokalt viktig ålegraseng 10 meter frå land ved lokaliteten Orkevika/Vågneset.

Fiskeridirektoratet vurderer på bakgrunn av kjend kunnskap og at tiltaka er av mindre omfang at det ikkje er tilhøve som tilseier at mudring og nedspyling av røyr vil medføre vesentleg negativ påverknad på gytefelta eller marine naturtypar. Dei vurderer at det ikkje er sannsynleg at støy og



partikkelspreiing frå tiltaka vil gjeve vesentleg negativ påverknad. Dei vurderer òg at mindre sprengingsarbeid i den planlagde arbeidsperioden truleg vil ha lite potensial for vesentleg negativ påverknad på livet i havet og fiskeriinteresser.

Fiskeridirektoratet støtter dei to planlagde avbøtande tiltaka, altså å nytte siltgardin mot spreiiing av finstoff og å søkje å utføre tiltaka utanom sårbare periodar av omsyn til naturmangfaldet. Dei vurderer det som akseptabelt med oppstart 1. august då dette er etter torskens gyteperiode og perioden med tidlege livsstadium. Dei legg til grunn at det settast krav om å nytte siltgardin i eit eventuelt løyve etter forureiningslova.

Bergens Sjøfartsmuseum (25.02.2026)

Sjøfartsmuséet har vurdert saka. Dei opplyser at dei allereie har undersøkt dei aktuelle områda i 2023, og har ingen merknadar til det planlagde inngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i dei aktuelle områda, og muséet gjer derfor merksam på meldeplikta dersom ein under arbeidet finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom ein finn kulturminne som kan verte råka av arbeida, må arbeidet straks stoppast og muséet kontaktast.

Statsforvaltarens vurdering

Statsforvaltaren vurderer at tiltaka det er søkt om kan medføre forureining og at det er naudsynt med eit løyve, jf. forureiningslova § 11. Mudring i sjø (frå lekter) er forbode, jf. forureiningsforskrifta § 22-3, men det kan utførast etter løyve, jf. § 22-6. Vi har vurdert tiltaka etter § 8-12 i naturmangfaldlova og bestemmingane i vassforskrifta.

Forureining og partikkelspreiing

Multiconsult har utført miljøgeologiske undersøkingar av sedimenta i tiltaksområda, jf. rapport 10243684-03-RIGm-RAP-002, datert 20.01.2026. Konsulenten opplyser at det lyktast å samle inn prøvemateriale for analyse ved lokalitetane Tørlevågen, Orkevika/Vågnes, Stafsetneset og Geilneset/Molvær. Ved dei resterande lokalitetane var det grove sediment, bratte botntilhøve eller hardbotn som gjorde prøvetaking vanskeleg.

Dei kjemiske analysane viste at sedimenta ved Tørlevågen og Geilneset/Molvær var reine for forureining, mens det ved Orkevika/Vågnes og Stafsetneset vart påvist forureina sediment. Ved Stafsetneset vart det påvist TBT i tilstandsklasse V («svært dårleg», jf. Miljødirektoratets rettleiar M-608), koppar i tilstandsklasse IV («dårleg»), nokre PAH-forbindingar i klasse III («moderat») og fleire PAH-forbindingar og tungmetall i klasse II («god»). Ved Orkevika/Vågneset vart det påvist TBT i klasse IV, eit par PAH-forbindingar i klasse III og nokre til i klasse II.

Konsulenten vurderer at tiltaka kan utførast med låg risiko for spreiiing av miljøgifter der desse er påvist dersom arbeida utførast bak siltgardin. Ved lokaliteten Åregjerdevågen vurderer konsulenten at sedimenta vil verte forstyrra av den planlagde spylinga, slik at partiklar vil virvlast opp og små mengder porevatn fortrengast. Her anbefaler konsulenten at arbeidsområdet skjermast med siltgardin for å redusere transporten ut av området. Konsulenten vurderer vidare at eventuell spreiiing ikkje vil forringe tilstanda utanfor tiltaksområdet då området ved Åregjerdevågen og Fyllingsjøen generelt er sterkt påverka av miljøgifter. Multiconsult peiker på at det for tida vurderast tiltak mot forureina sjøbotn i Åregjerdevågen og ved verftet i nærleiken (Fyllingen Slipp), og skriv at tiltaka med leidninga ikkje må kome i konflikt med moglege oppryddingstiltak.



Sjå seinare avsnitt for vurdering av tiltak som siltgardin og overvaking for å motverke spreining av partiklar og miljøgifter.

Plast og avfall

Marin forsøpling er eit utbreidd problem langs kysten av Noreg. Utfylling og andre tiltak i sjø kan føre til marin forsøpling ved til dømes spreining av sprengtrårestar frå sprenging i sjø eller utfylte sprengsteinmassar.

I søknaden er det oppgitt at det kan kome sprengtrårestar og anna plast frå undersjøisk sprenging under arbeida. Vidare er det oppgitt at arbeidsområdet i sjø er planlagd omslutta av siltgardin og at entreprenøren skal føre tilsyn og rydde i eventuelt synleg avfall. Det er òg oppgitt at eventuelle plastringsmassar skal vere fri for skytetråd og plastavfall frå tennhetter.

I vilkår 4.6 i løyvet er det sett nokre vilkår med krav til handsaming av plast- og avfallsproblematikk under arbeidet.

Naturmangfaldlova

Statsforvaltaren har vurdert tiltaka det er søkt om etter *Lov om naturens mangfold* (naturmangfaldlova) § 8-12. Vi har nytta informasjon frå høyringsuttalene og Multiconsult-rapporten vedlagt søknaden, samt informasjon tilgjengeleg i databasane GisLink og Yggdrasil (Fiskeridirektoratets kartverktøy). Vi finn at den føreliggjande kunnskapen er tilstrekkeleg til å handsame søknaden, jf. § 8 i naturmangfaldlova, og ser ikkje grunn til å leggje spesiell vekt på føre-var-prinsippet i denne saka, jf. § 9.

Det går fram av Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy at alle dei aktuelle lokalitetane ligg i eller nær område registrert som gyteområde for torsk. Lokalitet Breivika ligg i gyteområdet i Ellingsøyfjorden, som er registrert som regionalt viktig og har gytefeltverdi 5, mykje egg og noko retensjon av egg. Alle dei andre lokalitetane ligg i det nasjonalt viktige gytefeltet for borgundfjordtorsken, som har gytefeltverdi 6, mykje egg og stor retensjon av egg. Tiltak som mudring, sprenging og utfylling i sjø kan gjeve negativ påverknad på gytinga og tidlege oppvekstfasar mellom anna ved spreining av partiklar i vatnet og undersjøisk støy. Multiconsult skriv at alle tiltaka har planlagd oppstart om hausten (2026 eller 2027), som er utanfor gytetida til torsken. Sjå seinare avsnitt for vurdering av avbøtande tiltak.

I tillegg til dei store gytefelta, finn vi fylgjande registreringer av naturmangfald og fiskeriinteresser i eller nær tiltaksområda:

Breivika: Ingen registrerte verdier i nærleiken til tiltaksområdet. Det er eit ålegrassamfunn i retning vest ved Nakken og tareskogførekomstar i retning nord ved Fangstholmen, men desse har vesentleg avstand til tiltaksområdet. Multiconsult gjorde ei ROV-undersøking i området og fann at botnen var grusig sand og sandbotn, med stadvis høg biologisk aktivitet og enkeltindivid av forskjellige algar. Det vart ikkje registrert tareskog eller ålegras i området som vart undersøkt. Multiconsult anbefaler at tiltaka utførast bak siltgardin for å redusere spreining av partiklar ut frå anleggsområdet og redusere eventuell risiko for tilslamming av nærliggjande område.

Borgundfjordvegen: Aust for tiltaksområdet, om lag 400 m unna, er det registrert eit mindre ålegrassamfunn og eit reproduksjonsområde for den sterkt trua fuglearten dvergdykkar. Det er òg registrert anadromt strekk i Brusdalsvassdraget, som munnar ut aust for tiltaksområdet. Multiconsult anbefaler at arbeidet utførast bak siltgardin, eller at tiltaket overvakast med turbiditetsmålarar dersom det ikkje lar seg gjere å nytte siltgardin her.



Tørlevika: Ingen registrerte verdier i nærleiken til tiltaksområdet. Multiconsult skriv at risikoen for partikkelspreiing kan ivaretaast ved å nytte siltgardin.

Stafsetneset: Det er registrert eit lokalt viktig ålegrassamfunn kort avstand vest for tiltaksområdet. Multiconsult skildrar denne førekomsten som beståande av vanleg ålegras, tett og heildekkande med middels høge plantar. Multiconsult anbefaler at tiltaka utførast bak siltgardin for å redusere risikoen for spreing av partiklar og forureining.

Orkevika/Vågneset: Det er registrert eit mindre, lokalt viktig ålegrassamfunn veldig nær tiltaksområdet. Multiconsult gjorde ei ROV-undersøking området og fann at botnen var av sand og grus og dekkja av brun- og raudalgar. Multiconsult anbefaler at tiltaket her utførast bak siltgardin for å redusere spreing av partiklar og forureining ut frå anleggsområdet.

Åregjerdevågen: Ingen registrerte verdier i nærleiken til tiltaksområdet. Ved holmane i fjorden utanfor vågen er det registrert reproduksjonsområde for måker, men dette ventast ikkje å verte forstyrra av tiltaket.

Molvær/Geilnes: Det er registrert eit lokalt viktig ålegrassamfunn. Stranda her er registrert som sand- og grusstrand, verdivurdert til lokalt viktig. Multiconsult utførte ei ROV-undersøking i dette området, og fann at ålegraset samsvarte med det som er registrert. Dei fann blaute botntilhøve (sand) med høg biologisk aktivitet. Dei påviste òg tareskog, som ikkje er registrert i databasane. Multiconsult skriv at tiltak her vil medføre noko tap av naturmangfald som ålegras, men at det vil utgjere ein liten del av den totale førekomsten.

Vurdering av avbøtande tiltak under arbeidet

Det bør sikrast at tiltaka i minst mogleg grad medfører spreing av miljøgifter, eller av partiklar og slam som kan forringe ålegrassamfunn eller andre naturverdier i nærleiken til tiltaksområda. I tråd med anbefalingane frå konsulenten skal det difor nyttast siltgardin under arbeidet, jf. vilkår 4.5 i løyvet. Siltgardin skal som eit minimum nyttast ved dei av lokalitetane der det vart påvist forureina sediment (Stafsetneset, Orkevika/Vågneset og Åregjerdevågen) eller det er ålegrassamfunn eller andre naturverdier nær tiltaksområdet (Borgundfjordvegen, Stafsetneset, Orkevika/Vågneset og Molvær/Geilnes). Siltgardinet skal plasserast slik at det i størst mogleg grad hindrar spreing av partiklar og eventuelle miljøgifter ut frå anleggsområdet, og der det er kjende naturverdier, slik at det i størst mogleg grad hindrar negativ påverknad på desse.

Det skal utførast overvaking av tiltaka for å kontrollere spreing av partiklar og eventuelt avfall frå arbeidet, jf. vilkår 5.1 i løyvet. Overvakinga kan utførast visuelt.

Under gyte- og den tidlege oppveksttida er torsken spesielt sårbar for påverknadar som auka partikkelnivå i vatnet og undersjøisk støy. Tiltaka skal, jf. vilkår 4.7, så langt det er praktisk mogleg gjennomførast utanom denne perioden, som kan settast til perioden frå og med 1. januar til og med 15. juni.

Overvaking av deponi

Tiltakshavar bør varsle den som er ansvarleg for overvaking av deponiet i Åregjerdevågen om tiltaka i god tid før arbeidet startast opp, slik at ikkje resultat i overvakinga vert forstyrra av arbeidet.



Tiltaksplan for forureina sjøbotn

Det vart i 2025 utarbeidd tiltaksplan for forureina sjøbotn utanfor no nedlagte Fyllingen Slipp, som er blant dei prioriterte verftslokalitetane som følgjast opp av miljømyndigheitene. I tillegg er det gjort sedimentundersøkingar med tiltaksvurdering i Åregjerdevågen. Tiltaka som nemnast i rapportane er mudring, tildekking og overvaking, men det er enno ikkje avklart kva som eventuelt skal gjerast. Røyra gjennom desse områda bør etablerast slik at dei i minst mogleg grad vil skape problem ved eventuelle oppryddingstiltak.

Økosystem og samla påverknad

Etter § 10 i naturmangfaldlova skal ein påverknad på eit økosystem alltid vurderast ut ifrå den samla belastinga som økosystemet vert utsett for. Då alle tiltaka er små i omfang og det er sett vilkår i løyvet for gjennomføringa, vurderer vi at tiltaka ikkje vil medføre eit uakseptabelt stort bidrag til den samla belastinga som økosystema i områda vert utsett for.

Kostnadar ved avbøtande tiltak

Etter § 11 i naturmangfaldlova skal tiltakshavar dekke kostnadane ved å hindre eller redusere eventuell skade på naturmangfaldet i tiltaksområdet dersom dette ikkje er urimeleg med utgangspunkt i tiltakets karakter og den eventuelle skaden. I denne saken finn Statsforvaltaren det rimeleg at tiltakshavar får gjennomført og dekkja eventuelle kostnadar av dei avbøtande tiltaka slik dei er skildra i løyvet. Dei avbøtande tiltaka er også i tråd med § 12 i naturmangfaldlova, der det settast krav til bruk av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller redusere skader på naturmangfaldet

Vassdirektivet

Tiltaka det er søkt om skal utførast ved fleire lokalitetar, som ligg i forskjellige vassførekomstar. Lokalitet Breivika ligg i vassførekomsten *Ellingsøyfjorden-Svinøya til Dyrøya*, som har god økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand i databasen Vann-nett. Lokalitetane Borgundfjordvegen og Tørlevika ligg i vassførekomsten *Åsefjorden-indre*, som har moderat økologisk og dårleg kjemisk tilstand. Lokalitet Stafsetneset ligg i vassførekomsten *Eidssundet*, som har moderat økologisk og dårleg kjemisk tilstand. Lokalitet Orkevika/Vågnes ligg i vassførekomsten *Borgundfjorden-øst*, som har god økologisk tilstand og ikkje definert kjemisk tilstand. Lokalitet Molvær/Geilnes ligg i vassførekomsten *Langevågen*, som har dårleg økologisk og kjemisk tilstand. Lokalitet Åregjerdevågen ligg i vassførekomsten *Åregjerdevågen-Fyllingen*, som har moderat økologisk og dårleg kjemisk tilstand.

Nye inngrep i ein vassførekomst kan normalt ikkje tillatast dersom tiltaket vil medføre ein reduksjon i vassførekomstens status, jf. *Forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vassforskrifta). På bakgrunn av at dei aktuelle tiltaka er små i omfang og at det er sett vilkår for gjennomføringa, vurderer vi det som lite sannsynleg at tiltaka vil gjeve negativ påverknad på vassførekomstens status.

Konklusjon

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal tillèt tiltak i sjø etter fastsette vilkår. På bakgrunn av vilkåra vurderer vi at tiltaka ikkje vil medføre forureining eller anna miljøulempe som er uakseptabelt stor samanheld med samfunnsnytta ved tiltaka.

Erstatningsansvar

Løyvet fritenk ikkje for erstatningsansvar for forureiningskade etter forureiningslova § 10 og kapittel 8.



Vedtak om sakshandsamingsgebyr

Vi syner til brevet vårt frå 22.01.2026 med varsel om sakshandsamingsgebyr. Vidare syner vi til *Forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta) kapittel 39 om gebyr til statskassa for arbeid med løyve. På bakgrunn av vår tid- og ressursbruk knytt til sakshandsaminga, vert saka plassert under gebyrsats 6 i tråd med det som vart varsla. Dette inneber at verksemda skal betale eit gebyr på kr 47 300 for sakshandsaminga. Faktura vert send ut av Miljødirektoratet. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadatoen.

Gebyrvedtaket kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør grunngjevast, og skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Klagen vert ikkje gitt oppsettande verknad, og det fastsette gebyret må difor betalast i samsvar med det som er nemnd over. Dersom Miljødirektoratet aksepterer klagen, vil det overskytande beløpet verte refundert. Forureiningsforskrifta er tilgjengeleg på www.lovdata.no.

Klagemoglegheiter

Vedtaket kan klagast på til Miljødirektoratet av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse etter reglane i kapittel VI i forvaltingslova innan tre veker frå avgjerda er motteke. Ei eventuell klage skal nemne kva det klagast over og den eller dei endringar som ynskjast. Klagen skal grunngjevast, og opplysningar som kan ha innverknad på saka bør nemnast. Klagen skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at iverksettinga av vedtaket vert utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eiga initiativ avgjere at vedtaket ikkje skal settast i verk før klagefristen er ute eller klagen er avgjort, jf. § 42 i forvaltingslova. Avgjerda av spørsmålet om iverksetting kan ikkje klagast på.

Offentleggjing av løyvet

Vedtaket skal gjerast offentleg kjend, jf. § 36-11 i forureiningsforskrifta. Den som har fått løyve skal så snart som mogleg kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, kor ein kan få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klageinstans og frist for ei eventuell klage på vedtaket. Kopi av kunngjeringa skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan ein månad etter at løyvet er gjeve. Verksemda kan gjerne nytte sin eigen logo i kunngjeringa. Statsforvaltaren sin logo skal ikkje nyttast. Statsforvaltaren vil òg kunngjere vedtaket på si eiga nettside, www.statsforvalteren.no/More-og-Romsdal, under «Kunngjeringar».

Datoar og fristar

- Vedtaket skal kunngjerast i dagspressa så snart som mogleg
- Det skal gjevast oppstartsmelding til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal når tiltaka settast i verk. Meldinga kan sendast til sakshandsamar e-post thomas.aurdal@statsforvalteren.no.
- Løyvet er gjeldande til 31.12.2028
- Sluttrapport i tråd med vilkår 4.1 i løyvet skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan seks veker etter at anleggsarbeidet er ferdig
- Utførte målingar av miljøtilstand i sediment (jf. rapport 10243684-03-RIGm-RAP-002 frå Multiconsult Norge AS, datert 20.01.2026) skal registrerast i databasen *Vannmiljø* innan 30.06.2026.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)

Thomas Aurdal



underdirektør

senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1

Løyve

Kopi til:

STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

Postboks 7800

5020 BERGEN

SULA KOMMUNE

Postboks 280

6039 LANGEVÅG

FISKERIDIREKTORATET

Postboks 185 Sentrum

5804 BERGEN



Løyve for Ålesund kommune til tiltak i sjø ved landtak-lokalitetar

Løyvet er gitt i medhald av lov av 13.mars 1981 nr. 6 om vern mot forureiningar og om avfall § 11 og i medhald av *Forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta) § 22-6. Det er sett vilkår etter forureiningslova § 16. Løyvet kan ikkje nyttast før det òg føreligg naudsynte løyve eller avklaringar etter plan- og bygningslova, hamne- og farvasslova og kulturminnelova.

Verksemda må avklare skriftleg på førehand med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal eventuelle endringar den ønskjer å gjere i forhold til opplysningar i søknaden eller under saksbehandlinga som kan ha miljømessig påverknad.

Løyvet gjeld frå **dags dato** og er gyldig fram til **31.12.2028**.

Bedriftsdata og informasjon om tiltaksområde

Bedrift	Ålesund kommune
Lokalisering/gateadresse	-
Postadresse	Postboks 1521, 6026 ÅLESUND
Org. nummer (bedrift)	929 911 709
Lokalitet for tiltaket	Breivika, Borgundfjordvegen, Tørlevågen, Stafsetneset, Geilneset/Molvær, Orkevika/Vågneset og Åregjerdevågen
Koordinatar for tiltaket (UTM 32)	Breivika: x = 362828, y = 6929981 Borgundfjordvegen: x = 363159, y = 6928194 Tørlevågen: x = 361672, y = 6925925 Stafsetneset: x = 363088, y = 6925375 Geilneset/Molvær: x = 354604, y = 6926350 Orkevika/Vågnes: x = 357140, y = 6926925 Åregjerdevågen: x = 355743, y = 6927024
Gards- og bruksnummer for tiltaket	Breivika: 50/998 Borgundfjordvegen: 51/17 Tørlevågen: 54/1 Stafsetneset: 15/1 Geilneset/Molvær: 109/380 Orkevika/Vågnes: 94/314 Åregjerdevågen: -
Kommunar tiltaket utførast i	Ålesund og Sula

Statsforvaltarens referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse ¹
2026.0179.T	Breivika: 1508.0559.01 Borgundfjordvegen: 1508.0560.01 Tørlevågen: 1508.0561.01 Stafsetneset: 1508.0562.01 Geilneset/Molvær: 1531.0068.01	4

¹ Miljømyndighetene sitt system for berekning av hyppigheita på frekvensbasert tilsyn, der risikoklasse 1 er høgast og 4 er lågast.



	Orkevika/Vågnes: 1531.0069.01	
Løyve gitt: 03.03.2026	Endringsnummer:	Sist endra:
	-	-
Arkiv: 2026/704		

Christian Dahl (e.f.)
underdirektør

Thomas Aurdal
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Kva endring som er gjort

1. Verkeområde for løyvet

Løyvet omfattar mudring i Ålesund og Sula kommunar ved syv lokalitetar der det skal etablerast landfall knytt til Kongshaug reinseanlegg. Nærare bestemt gjeld løyvet mudring av om lag 94 m³ massar ved lokalitet Breivika, 45 m³ massar ved lokalitet Borgundfjordvegen, 70 m³ massar ved lokalitet Tørlevågen, 135 m³ massar ved lokalitet Stafsetneset, 188 m³ massar ved lokalitet Geilneset/Molvær, 86 m³ massar ved lokalitet Orkevika/Vågneset og noko graving frå land ved lokalitet Åregjerdevågen. Løyvet omfattar òg sprenging der det eventuelt er naudsynt for å få laus massar. I tillegg omfattast gjenfylling med naudsynt mengde reine massar for sikring/plastring av nye røyr.

2. Generelle vilkår

- 2.1 Det føresettast at tiltaket gjennomførast som angitt i søknaden datert 20.01.2026 dersom ikkje anna går fram av løyvet, andre vedtak eller på annan måte er avklart med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.
- 2.2 Forureiningsmyndigheitenes vilkår skal ikkje vere til hinder for at andre myndigheiter kan stille krav med heimel i anna lovgiving.
- 2.3 Tiltakshavar er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert overheld. Tiltakshavaren pliktar å orientere dei som skal gjennomføre tiltaka om dei vilkåra som gjeld, og om dei restriksjonane som er lagt på arbeidet.
- 2.4 Forureiningsmyndigheta, eller dei den gjev mynde til, skal til ei kvar tid ha tilgjenge til området for inspeksjon.
- 2.5 Statsforvaltaren kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, sette nye vilkår, og om naudsynt trekke løyvet attende, dersom føresetnadar gitt etter forureiningslova § 18 er til stades. Statsforvaltaren har på det same grunnlaget rett til, på eit kvart tidspunkt, å stanse arbeidet.



- 2.6 Dersom det viser seg at dei miljøbeskyttande tiltaka ikkje verker som føresett i vilkåra, kan den ansvarlege med ein gong verte pålagt å sette i verk ytterlegare tiltak.
- 2.7 Ved funn, eller mistanke om funn, av kulturminne undervegs i arbeidet skal arbeidet stansast og Bergen sjøfartsmuseum kontaktast.

3. Internkontroll, beredskap og varslings

- 3.1 Tiltakshavar skal med ein gong varsle Statsforvaltaren om alle unormale tilhøve som har, eller kan få innverknad på forureiningssituasjonen.
- 3.2 Tiltakshavar pliktar å ha eit oppdatert internkontrollsystem, jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemdar (internkontrollforskrifta) av 6. desember 1996. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda overheld krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrifter til desse lovene.
- 3.3 Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltak for å unngå, eventuelt redusere risikoen for akutte utslepp frå alle aktivitetar knytt til dette tiltaket. Slike tiltak skal vere basert på ein systematisk gjennomgang av alle element i tiltaksaktiviteten.
- 3.4 Den ansvarlege skal sørgje for å ha den naudsynte beredskapen for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og redusere verknaden av akutt forureining for all verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskapen til den ansvarlege skal stå i eit rimeleg høve til sannsynet for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikten inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og redusere verknaden av ei eventuell forureining.
- 3.5 Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følgje av verksemda, skal den ansvarlege varsle i samhøve med *forskrift av 09.07.1992 om varslings av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning*. Melding om akutt forureining gjerast til brannvesenet, **telefon: 110**. Kystverket har vaktberedskap 24 timar i døgnet og får meldingar frå brannvesenet om akutt forureining.
- 3.6 Støy frå utfyllingsarbeida og/eller anleggstrafikk skal ikkje overskride grenseverdiane i rettleiaren "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging" (T-1442/2021) eller eventuelle støykrav i gjeldande regulering for områda.

4. Utfylling i sjø

- 4.1 Statsforvaltaren skal varslast når arbeidet startast.
- 4.2 Tiltaket skal gjerast i tråd med avgrensa område som vist i kartvedlegg til søknaden.
- 4.3 Mudring skal utførast skånsamt for å i minst mogleg grad forårsake spreiding av partiklar og eventuelle miljøgifter og anna miljøulempe.



- 4.4 Eventuelle gjenfyllings- og plastringsmassar skal ikkje overskride konsentrasjonsgrensene tilsvarande tilstandsklasse II for sedimenter i samhøve med Miljødirektoratet sin rettleiar for klassifisering av metall og organiske miljøgifter i vatn, sediment og biota (M-608/2016). Massane skal samstundes ligge innanfor normverdiene fastsett i forureiningsforskrifta kapittel 2 vedlegg 1. Det er ikkje lov å nytte reaktive bergartar. Massane skal vere egna til føremålet. Det er ikkje lov å tilføre massar til sjøbotnen dersom hovudføremålet er å kvitte seg med massane.
- 4.5 All mudring/graving og plastring/gjenfylling i sjø skal ved lokalitetane Stafsetneset, Borgundfjordvegen, Orkevika/Vågneset, Molvær/Geilnes og Åregjerdevågen utførast bak siltgardin. Siltgardinet skal plasserast slik at det i størst mogleg grad motverker spreiding av partiklar og eventuelle miljøgifter ut frå anleggsområdet og, ved lokalitetane med ålegrassamfunn og andre kjende naturverdiar i nærleiken, slik at det i størst mogleg grad beskyttar desse.
- 4.6 Det må utførast tiltak etter behov for å redusere spreiding av plast frå sprenging og anna avfall så mykje som mogleg. Tiltak kan vere utsortering i forkant av utfylling med massar, bruk av lense/siltgardin eller oppsamling frå vassflata. Synleg avfall skal samlast opp. Massar med høgt innhald av sprengtrådrester eller anna avfall som kan spreie seg i vatnet skal ikkje nyttast som plastringsmassar.
- 4.7 Utfyllinga skal av omsyn til torskens gyte- og tidlege oppveksttid så langt det er praktisk mogleg utførast utanom perioden frå og med 1. januar til og med 15. juni.
- 4.8 Avfall og forureina massar som takast opp skal fraktast til godkjend mottak.

5. Kontroll og overvaking

- 5.1 Det skal gjennomførast kontroll og overvaking av tiltaksarbeidet i samhøve med eit enkelt overvakingssopplegg som er skildra i internkontrollen. Opplegget skal vere tilstrekkeleg omfattande til å avdekke eventuell uakseptabel spreiding av partiklar, avfall eller liknande i tilknytning til tiltaket. Overvakinga må òg inkludere rutinemessig kontroll av at siltgardinet (jf. vilkår 4.5) er uskadd, ligg på plass og fungerer etter hensikta.

6. Rapportering

- 6.1 Utførte målingar av kjemisk tilstand i sedimenta (sjå rapport 10243684-03-RIGm-RAP-002, datert 20.01.2026, frå Multiconsult Norge AS) skal registrerast i databasen **Vannmiljø innan 30.06.2026**. På nettsida til databasen finnast rettleiing og ei oversikt over kva parameter som skal registrerast.
- 6.2 Det skal sendast ein sluttrapport til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at anleggsarbeidet er avslutta. Rapporten skal innehalde:



- Ei kort skildring av tiltaket og utført arbeid, inkludert avbøtande tiltak som vart gjort for å redusere spreiding av partiklar og miljøgifter og anna miljøulempe
- Resultat/skildring frå overvakinga
- Eventuelle avvik, uheldige hendingar eller liknande med potensielt negativ miljøkonsekvens, og korleis dei vart handsama.